

## Høyringsinnspel til rettskrivingsnemnda

Kjære nemnd.

Innspelet mitt gjeld dei gamle i-stamme-substantiva, som "bekk", "benk", "gjest", "dreng" osv. Desse substantiva blir i dag bøygd med -er-ending i ubunden form fleirtal, medan -ar-endinga er klammeform. Så vidt eg veit, ønskjer nemnda å jamstille desse to bøyingsformene, slik at det framleis blir mogleg å bruke -er-endinga i fleirtal. Dette framlegget stør eg. Denne fleirtalsforma er eit minne frå ein viktig del av språkutviklinga vår (omlyd og synkope), og dette synest eg det er viktig å ta vare på. Eg vil faktisk føreslå at vi går enda lenger; om eg har forstått det rett, er det fleire slike i-stamme-substantiv i nynorsk i dag som *ikkje* har den same bøyinga som til dømes "gjest" og "benk" har. Eg kan nemne substantiva "elg" og "veg" som døme, der einaste tillatne bøyning per i dag er vanleg hankjønnsbøyning. Desse substantiva har, så vidt eg veit, vore gjennom den same utviklinga med i-omlyd og synkope i overgangen frå urnordisk til norrønt. Dei skulle såleis hatt same bøyning som "gjest" og "benk" har, altså er-ending i ubunden form fleirtal. Kvifor har dei ikkje det?

Vil det vere mogleg for nemnda å ta ein systematisk gjennomgang av kva for substantiv dette gjeld, og også tillate -er-ending i ubunden form fleirtal i desse tilfella? Eg har samla ei liste med omkring 20 substantiv som eg meiner fell inn under denne kategorien, og det finst sikkert fleire. Eg kan gjerne sende dykk denne lista om de ønskjer. Om dette blir for mykje jobb, går det eventuelt an å innføre valfri bøyning berre for dei mest brukte av desse substantiva, som til dømes ordet "veg".

Eg er klar over at dette tiltaket verken er med på å gjere nynorsken meir tilgjengeleg som skriftspråk eller lettare å lære bort i skulen. Eg synest likevel de skal lytte til innspelet. Det er fleire av oss der ute som synest det er gøy med litt systematikk, og som faktisk set pris på at nynorsk (førebeles) er eit litt komplekst skriftspråk å meistre.

Elles vil eg takke nemnda for den gode jobben de gjer med den nye rettskrivinga for nynorsk. Eg veit at det ikkje er ein enkel jobb de er blitt sett til å gjere.

Beste helsing

Andreas Tandberg (andreas.tandberg@gmail.com)